



Elisabeth Eide Tharaldsen kom med forslaget i dag om utsetjing. Her sit ho til høgre for Bjarne Berge og Gunn Mari Moberg. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Saka om revisjon av brannordninga sto på sakslista att i formannskapet idag etter å ha vorte utsett på det førre møtet.

Men saka vart utsett påny - for nærare utgreiing. Det skjedde samrøystes og etter forslag frå Elisabeth Eide Tharaldsen frå Framstegspartiet.

Dermed er det framleis uvisst om det blir aktuelt å leggja ned brannstyrken i Uskedalen og redusera styrken på Halsnøytil 6 brannkonstablar slik brannsjef Grete Nesheim har gått inn for - med tilslutnad frå rådmannen.

Utsetjinga i førre møtet var mellom anna begrunna med at det skulle haldast eit avklarande møte mellom kommunen og Eidsvik Sksbyggeri og dette møtet vart halde for få dagar sidan. Kommunen var der representert ved brannsjefen og Eidsvik ved Svein Arne Eidsvik og Per Fausk.

I referatet frå møtet heiter det at skipsbyggeriet har eit sterkt ynskje om at brannstyrken i bygda skal oppretthaldast og at det vert vurdert andre løysingar enn nedleggjing av stasjonen. Det blir peika på at Eidsvik ikkje har ynskje om å overta førsteinnsatsen for kommunen, men at industrivernet kan vera ein god bistand på lik linje med andre industrivern i kommunen.

Eidsvik har hatt over 200 personar i arbeid og er ein stor arbeidsplass sjølv om dei akkurat no er i einpermitteringssituasjon. Dei ynskjer rask hjelp hvis det skulle oppstå brann eller uhell. Industrivernet er ein god førsteinnsats, men dei treng meir ressursar dersom ein større situasjon oppstår, blir det streka under i referatet.

Av Ola Matti Mathisen



Brannstyrken i Uskedalen var i aksjon under ei øving på Flatholm for stutt tid sidan. (Foto: Ola Matti Mathisen)